

INTERPELLASJON

Saka omhandlar spørsmål/synspunkt vedk. rasteplassar og parkeringsplassar ved mykje brukte turområder.

Meland kommune er ein kommune med mykje vakker, variert natur.

Køyrer ein på tur i kommunen er det, slik Meland Senterparti ser det, ikkje ein einaste stad ein kan rasta eller gå ut av bilen for å kunna nytta naturen langs vegane. Å ta ein stopp langs vegane utan at ein hindrar trafikken er viktig. Personar som ikkje fysisk kan forflytta seg i naturen har særleg trong for å kunna køyra til stader der ein kan ta ein stopp å nytta benk og bord.

Det er også mangel på parkeringsplassar ved inngangen til mykje brukte turområder. Dette fører til parkering langs til dels smale vegar.

Det vert transporttert mykje stein og jord fram og attende i kommunen så det er truleg ikkje mangel på fyllmassar til å nytta til nemnde tiltak.

Underteikna ber Ordføraren om synspunkt i saka. Dersom ordførar og kommunestyre ser positivt på innhaldet i interpellasjonen, er det ønskjeleg å høyra kva instans i kommunen som tek ansvar for framdrift i saka.

Myrtveit 8.juni 2016

Sølvi Knudsen

Gruppeleiar SP